


Beinavikjo skal bli eit aktivt område, også med hotell?

10.09.2007



Slik ser reguleringsplanframlegget ut no, men det vil bli justert på ein skilde punkt før det blir lagt ut til høyring, opplyser kommunen. Områda som er merka med KB skal regulerast til bustad og fritidsbustad medan område som er merka med KH skal regulerast til fritidsbustad, bustad og hotell. S 1 er småbåthamn og S 2 gjestehamn og anlegg for leik i sjø. Det heiter at busetnaden på KH1 kan nyttast til forretning (trelastlager), men også til appartmentshotell. Også området på KH2 (ovanfor vegen) kan nyttast til appartmentshotell.

Arkitekt Anders Vikøren i Vik i Sogn har no sendt sitt framlegg til reguleringsplan for Beinavikjo Bryggje til kommunen og skriv at målet frå oppdragsgjevar Uskedalen Brygge er å reetablere aktivitetsnivået som historisk har vore i området. Det blir også opna for appartmentshotell der.

Bakgrunnen for at planen er utarbeidd er eit krav frå Fylkesmannen om reguleringsplan for å få etablert småbåthamn.

- Ein ynskjer å utvikla eit aktivt område der bruken fritidsbustad-bustad-næring vil kunna variera. Dermed vil ein ha ein fleksibilitet som vil vera tiltrekkjande i dagens samfunn. Ein meiner at dette vil dra nye innbyggjarar til Uskedalen og Kvinnherad kommune, skriv arkitekten.

Han strekar under at planen er utarbeidd slik at han kan fanga opp framtidig utbygging i lang tid framover. Det er ynskjeleg å ha planen så fleksibel som mogeleg.

Vikøren ber om at planen blir lagt fram for det faste utvalet for plansaker og han meiner at planen er tilstrekkeleg utarbeidd til at han kan leggjast fram for høyring.

Men Ingo Brewer i kommunen seier til uskedalen.no at det ennå står att å bearbeida og justera planen før han kan bli lagt ut.

Eit viktig punkt i planen er at han fjernar eindel avkøyrslar til riksvegen.

Arkitekten har hatt dialog med antikvariske styresmakter og det er ikkje funn som er til hinder for planen.

Føremålet med planen er:

- Å leggja til rette for utvikling av det sjønære område ved Beinavikjo.
- Å leggja til rette for småbåthamn i Beinavikjo.
- Å leggja til rette for trafikktilhøve med gode siktilhøve mot riksveg.
- Å sikre ålmenta tilgang til kystlina

I arkitekten sitt framlegg til føresegner heiter det mellom anna at retten til ålmenta skal gjelda for aktivitetar som turveg og fritidsfiske frå kystlina og kaikant i minst ein meters breidde. Men denne retten gjeld ikkje den flytande delen av småbåthamna og retten kan innskrenkast til ferdsel mellom klokka sju og 23 dersom ferdselen synear seg å vera til sjenanse for eigarar av aktuelt område.

Av Ola Matti Mathisen



Dette er det aktuelle område i Beinavikjø som no blir regulert for fleksibel utnytting. (Foto: Ola Matti Mathisen)